

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato: 21.06.2016
Tidspunkt: 10:00 – 15.25

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Terje Kollbotn	Medlem	R
Åse Gunn Husebø	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sara Berge Økland	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Forfall for Berge kom om morgonen på møtedato, det var difor ikkje mogleg å innkalle vararepresentant

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar, sak PS 75/16 og PS 70/16
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, sak PS 75/16 og PS 70/16
Helge-Roald Johnsen	Partner i Deloitte, sak PS 65/16 og 66/16
Bjarne Ryland	Partner i Deloitte, sak PS 65/16 og 66/16
Birte Bjørkelo	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet

Inge Reidar Kallevåg
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 63/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 64/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 65/16	Orientering frå Deloitte i høve mogleg interessekonflikt	2015/12605	
PS 66/16	Godkjenning av 3 prosjektrekneskapar	2016/2768	
PS 67/16	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2	2015/11179	
PS 68/16	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2	2015/11183	
PS 69/16	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av NDLA 1	2015/2073	
PS 70/16	Forvaltningsrevisjon av NDLA 2 - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 71/16	Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/8849	
PS 72/16	Forvaltningsrevisjon innan vidaregåande skular i Hordaland - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/1940	
PS 73/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar	2014/24577	
PS 74/16	Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet	2016/4239	
PS 75/16	Fylkesordføraren og fylkesrådmannen orienterer om arbeidet med etikk i Hordaland fylkeskommune	2015/12602	
PS 76/16	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 77/16	Konkurransetutting av revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune	2014/10505	
PS 78/16	Referatsaker		
RS 30/16	Fylkeskommunen feilinformerer allmenheten om det omstridte 39. mrd. kr. prosjektet "Hordfast" - Anmodning om omgående retting - Norges Miljøvernforbund	2016/4480	
RS 31/16	Oppdatert status rettstvistar	2016/4772	
RS 32/16	Samfunnsansvar og antikorrupsjon	2014/10532	
RS 33/16	Førebudd på framtida - status mai 2016	2014/12398	
RS 34/16	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. mai 2016	2015/10348	
RS 35/16	Sak i FUV 19.5.16 gjeldande prosjektrekneskap Hjeltnes vgs.	2016/2768	
RS 36/16	Skatt april 2016	2015/12603	
RS 37/16	Årsmelding 2015 - NDLA	2015/2073	
RS 38/16	Sak frå TING om finansrapport 1. tertial	2016/4239	
RS 39/16	Sak frå TING om tertialrapport pr. april 2016	2016/4239	
RS 40/16	Sak frå TING - ROS-analyse i høve beredskap	2015/11179	
RS 41/16	Sak frå TING om Business Region Bergen	2015/11183	
RS 42/16	Sak frå TING mål og visjon for beredskap	2015/11179	
RS 43/16	Sak frå TING Regionalt bompengeselskap	2015/11183	

RS 44/16	Sak frå TING framtidig vestlandsregion	2015/11179
RS 45/16	Levering av konsesjonskraft ved driftsstans i Røldal Suldal Kraftlag - orientering om avgjerle i Høgsterett	2016/2671
PS 79/16	Eventuelt	

PS 63/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 64/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Vedtak

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

PS 65/16 Orientering frå Deloitte i høve mogleg interessekonflikt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Partner Helge-Roald Johnsen frå Deloitte orienterte om at Bjarne Ryland vert ny partner for revisjonen i Hordaland fylkeskommune frå 1.7.16. Det vert send formell skriftleg melding om dette. Ny partner, Bjarne Ryland, var også til stade i møtet.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 i delar av Deloitte si orientering angående annan sak dei er gjort kjent med. Kontrollutvalet får vidare orientering om denne saka når det er noko nytt å orientere om.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Deloitte sender formell skriftleg melding til kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om at Bjarne Ryland tek over som partner frå 1.7.2016. Denne vert å legge fram for utvalet i neste møte.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

PS 66/16 Godkjenning av 3 prosjektrekneskapar

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisebilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.

3. Kontrollutvalet har igjen merka seg at fleire av prosjekta har store avvik i høve opphavleg budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
4. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutinane når det gjeld kalkulering av projektkostnader er gode og dekkande nok.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisebilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet har igjen merka seg at fleire av prosjekta har store avvik i høve opphavleg budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
4. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutinane når det gjeld kalkulering av projektkostnader er gode og dekkande nok.

PS 67/16 Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt, til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 10.8.2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisorane Birte Bjørkelo frå Deloitte leia prosessmøte 2 med kontrollutvalet i samband med analysearbeid som skal leggjast til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt, til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 10.8.2016.

PS 68/16 Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for selskapskontroll så langt, til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for selskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 10.8.2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisorane Birte Bjørkelo frå Deloitte leia prosessmøte 2 med kontrollutvalet i samband med analysearbeid som skal leggjast til grunn for forslag til plan for selskapskontroll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for selskapskontroll så langt, til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for selskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 10.8.2016.

PS 69/16 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av NDLA 1

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av NDLA.
2. På bakgrunn av at resten av tiltaka skal vera ferdig i løpet av hausten 2016 ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.12.2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av NDLA.
2. På bakgrunn av at resten av tiltaka skal vera ferdig i løpet av hausten 2016 ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.12.2016.

PS 70/16 Forvaltningsrevisjon av NDLA 2 - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av NDLA 2 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 i delar av Deloitte si orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 71/16 Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 72/16 Forvaltningsrevisjon innan vidaregåande skular i Hordaland - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 73/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på at forbetningsarbeidet i samband med forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar i Hordaland fylkeskommune no er kome et stykke vidare i høve handlingsplanen som vart handsama i forrige møte i kontrollutvalet.
2. På bakgrunn av at det framleis gjenstår ein god del arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2016.
3. Kontrollutvalet ber også om at tilbakemeldinga vert gjeve relatert til kvart av dei 7 punkta i vedtaket frå fylkestinget.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på at forbetningsarbeidet i samband med forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesvegar i Hordaland fylkeskommune no er kome et stykke vidare i høve handlingsplanen som vart handsama i forrige møte i kontrollutvalet.
2. På bakgrunn av at det framleis gjenstår ein god del arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2016.
3. Kontrollutvalet ber også om at tilbakemeldinga vert gjeve relatert til kvart av dei 7 punkta i vedtaket frå fylkestinget.

PS 74/16 Rekneskapsresultat hittil i 2016 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2016 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Kontrollsjef Hogne Haktorsen presenterte rekneskapsresultata hittil i 2016 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2016 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

PS 75/16 Fylkesordføraren og fylkesrådmannen orienterer om arbeidet med etikk i Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Fylkesordførar, Anne Gine Hestestun, og fylkesrådmann, Rune Haugsdal, orienterte om arbeidet med etikk i Hordaland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 76/16 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkestinget 14. – 15.6.16
- Fylkesutvalet 19.05. 2016
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling 10.05. og 08.06.2016
- Utval for opplæring og helse 10.03., 07.04., 28.04. og 02.06.2016
- Utval for miljø og samferdsel 28.04. og 02.06.2016

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

PS 77/16 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune med sikte på at ny kontraktsperiode skal gjelda frå 01.07.2017.
2. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet, saman med innkjøpsfagleg kompetanse utlånt frå innkjøpsseksjonen i fylkeskommunen, bistår seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode.
3. Bistanden omfattar:
 - utarbeiding av forslag til tilbodsdocument
 - kunngjering, protokollføring
 - evaluering av innkomne tilbod
 - varsel om tildeling
 - utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter
 - samt aktuelle møter i kontrollutvalet og fylkestinget
 - ev. klagebehandling
4. Forslag til konkurransegrunnlag skal leggjast fram for kontrollutvalet til godkjenning i møte 31.8.2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Hordaland fylkeskommune med sikte på at ny kontraktsperiode skal gjelda frå 01.07.2017.
2. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet, saman med innkjøpsfagleg kompetanse utlånt frå innkjøpsseksjonen i fylkeskommunen, bistår seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode.
3. Bistanden omfattar:
 - utarbeiding av forslag til tilbodsdocument
 - kunngjering, protokollføring
 - evaluering av innkomne tilbod
 - varsel om tildeling
 - utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter
 - samt aktuelle møter i kontrollutvalet og fylkestinget
 - ev. klagebehandling
4. Forslag til konkurransegrunnlag skal leggjast fram for kontrollutvalet til godkjenning i møte 31.8.2016.

PS 78/16 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Vedtak

Referatsakene vart tekne til orientering.

PS 79/16 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Vedtak

Det kom ikkje noko fram under dette punktet.